



Eriksrud, Marte Hagen

Etne, 04.04.2017

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

15/3471/17/3830 N - 561.1

OIV

### Uttale frå Etne kommune til framlegg til Regional Transportplan - RTP - 20180-2029 frå Hordaland Fylkskommune

Formannskap - 013/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### Samrøystes

Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til Regional Transportplan for fylkesvegnettet i Hordaland:

1. Etne kommune krev at Fv48 Håland – Skånevik vert ein del av det overordna fylkesvegnettet. Vegen innfrir dei fleste kriteria for overordna fylkesveg i planprogrammet:

- Omkøyringsveg for E134
- Dagens «Sunnhordlandsdiagonal», raskaste veg til E134 for største delen av Kvinnherad.
- Viktig transportakse for felles næringsliv, reiseliv Haugalandet/Etne/Kvinnherad/Hordaland
- Pendling til jobb og utdanning

2. Etne kommune har ingen merknader til mål, strategiar og andre overordna prioriteringar i planen.

3. Etne kommune ber om at det vert sett fokus på pkt. 6 i handlingsprogrammet slik at Kollektivtilbodet vert styrka ved å syte for korresponderande buss- og snøggbåttilbod i området vårt. Kollektivknutepunkt Skånevik med ferje og snøggbåt er viktige samband. Snøggbåten i Sunnhordland til Flesland og Bergen er vår bybane på sjø og Etne kommune sitt einaste kollektivknutepunkt mot Hordaland. For å få nytta kollektivtilbodet som finns er koordinering av ruter avgjerande. Dette inneber og koordinering av ruter med Rogaland fylkeskommune og Haukeliekspressen langs E 134 Odda-Haugesund.

4. Etne kommune ønskjer at planarbeidet som er sett i gang for ein del av Fv 48 – mellom



Skånevik og Tungesvikstranda – vert prioritert med løyvingar.

Med helsing

Odd Inge Vestbø  
rådgjevar plan

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# SAKSUTGREIING

## ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	28.03.2017	013/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Odd Inge Vestbø	N - 561.1	15/3471

### Uttale frå Etne kommune til framlegg til Regional Transportplan - RTP - 20180-2029 frå Hordaland Fylkskommune

#### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til Regional Transportplan for fylkesvegnettet i Hordaland:

1. Etne kommune sette i Planprogrammet fram eit ønskje om at Fv48 Håland – Skånevik vert ein del av det overordna fylkesvegnettet, men registrerer at dette ikkje skjer.

Dette er svært beklageleg – særleg for Skånevik

2. Etne kommune har ingen merknader til mål, strategiar og overordna prioriteringar i planen.
3. Etne kommune ber om at det vert sett fokus på pkt. 6 i handlingsprogrammet slik at kollektivtilbodet vert styrka ved å syte for korresponderande buss- og snøggbåttilbod i området vårt. Dette har svikta fleire gomger tidlegare.
4. Etne kommune ønskjer at planarbeidet som er sett i gang for ein del av Fv 48 – mellom Skånevik og Tungesvikstranda – vert prioritert med løyvingar når planane er klare.

#### 28.03.2017 Formannskap

#### Fellesframlegg til uttale:

*"Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til Regional Transportplan for fylkesvegnettet i Hordaland:*

1. *Etne kommune krev at Fv48 Håland – Skånevik vert ein del av det overordna fylkesvegnettet. Vegen innfrir dei fleste kriteria for overordna fylkesveg i planprogrammet:*

- *Omkøyringsveg for E134*
- *Dagens «Sunnhordlandsdiagonal», raskaste veg til E134 for største delen av Kvinnherad.*
- *Viktig transportakse for felles næringsliv, reiseliv Haugalandet/Etne/Kvinnherad/Hordaland*
- *Pendling til jobb og utdanning*

*2. Etne kommune har ingen merknader til mål, strategiar og andre overordna prioriteringar i planen.*

*3. Etne kommune ber om at det vert sett fokus på pkt. 6 i handlingsprogrammet slik at Kollektivtilbodet vert styrka ved å syte for korresponderande buss- og snøggbåttilbod i området vårt. Kollektivknutepunkt Skånevik med ferje og snøggbåt er viktige samband. Snøggbåten i Sunnhordland til Flesland og Bergen er vår bybane på sjø og Etne kommune sitt einaste kollektivknutepunkt mot Hordaland. For å få nytta kollektivtilbodet som finns er koordinering av ruter avgjerande. Dette inneber og koordinering av ruter med Rogaland fylkeskommune og Haukeliekspressen langs E 134 Odda-Haugesund.*

*4. Etne kommune ønskjer at planarbeidet som er sett i gang for ein del av Fv 48 – mellom Skånevik og Tungesvikstranda – vert prioritert med løyvingar."*

#### **Røysting:**

Rådmann sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke

#### **F- 013/17 Vedtak:**

##### **Samrøystes**

Etne kommune har følgjande uttale til framlegg til Regional Transportplan for fylkesvegnettet i Hordaland:

1. Etne kommune krev at Fv48 Håland – Skånevik vert ein del av det overordna fylkesvegnettet. Vegen innfrir dei fleste kriteria for overordna fylkesveg i planprogrammet:

- *Omkøyringsveg for E134*
- *Dagens «Sunnhordlandsdiagonal», raskaste veg til E134 for største delen av Kvinnherad.*
- *Viktig transportakse for felles næringsliv, reiseliv Haugalandet/Etne/Kvinnherad/Hordaland*
- *Pendling til jobb og utdanning*

2. Etne kommune har ingen merknader til mål, strategiar og andre overordna prioriteringar i planen.

3. Etne kommune ber om at det vert sett fokus på pkt. 6 i handlingsprogrammet slik at Kollektivtilbodet vert styrka ved å syte for korresponderande buss- og snøggbåttilbod i området vårt. Kollektivknutepunkt Skånevik med ferje og snøggbåt er viktige samband. Snøggbåten i Sunnhordland til Flesland og Bergen er vår bybane på sjø og Etne kommune sitt einaste kollektivknutepunkt mot Hordaland. For å få nytta kollektivtilbodet som finns er koordinering av ruter avgjerande. Dette inneber og koordinering av ruter med Rogaland fylkeskommune og Haukeliekspressen langs E 134 Odda-Haugesund.

4. Etne kommune ønskjer at planarbeidet som er sett i gang for ein del av Fv 48 – mellom Skånevik og Tungesvikstranda – vert prioritert med løyvingar.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Regional Transportplan er sendt på høyring til alle kommunane i Hordaland med merknadsfrist 7.april.

### **Problemstilling**

Ingen prioriterte tiltak i denne planen gjeld Etne kommune, trass i mykje dårleg vegstandart på fylkesvegane i kommunen. Det er eit stort etterslep her.

Særleg Fv 48 – Håland – Skånevik – har svært dårleg standard og burde absolutt vore ein del av det overordna fylkesvegnettet.

### **Vurdering**

Det framlegget til Regional Transportplan som er til uttale no, finst på heimesidene til Hordaland Fylkeskommune.

Frist for uttale er 07.04.2017.

Mål, strategiar og overordna prioriteringar har ein ingen merknader til, for det er dessverre ingenting her som gjeld tiltak i Etne kommune.

Etne kommune har forskottert bygging av fortau m.m. i Skånevik langs fylkesveg 34 frå Skånevik ferjekai til Skånevik Idrettshall med 15 mill.

Dette var eit viktig prosjekt for Etne kommune, og det burde vore mogeleg å halde fram med liknande tiltak for Fv 48 frå Skånevik og austover mot E134. Denne strekka har svært dåleg standard og det er ofte her det låser seg med vogntog i kvar sin retning. Det kan ta svært lang tid før det kan gjerast noko med denne strekka om ein skal vente på ordinære løyvingar. Det er sett i gang reguleringsplanarbeid på denne strekka, og det er eit sterkt ønske om å få planarbeidet følgd opp med anleggsmidlar. Det er nedslåande å sjå at denne strekka ikkje vert prioritert i nokon samanheng.

Elles er det lagt ved ein mogeleheheitsstudie av framtidig samband mellom Etne og ny E39 ved ny veg frå Ølensvåg i tunnel og med bru over Ålfjorden. Dette er definert som eit kostbart prosjekt så dette ligg nok svært langt fram i tid – om det i det heile vert realisert nokon gong.

I handlingsprigrammet tiltak 6.1. er det sagt noko generelt om reiseliv og kollektivtransport. Her er det vesentleg å syte for korrespondanse mellom buss- og snøggbåttilbodet. Dette har ikkje alltid kome heldig ut.

Etne kommune er glad for det snøggbåttilbodet som eksisterer.

I dialogmøtet på Stord den 22.08.2016 kom det nokre innspel frå Etne kommune som vi legg ved til orientering.

**Vedlegg i saka:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.03.2017	Etne kommune RTP-2016	1369581

**Saksgang:**

Formannskapet

**Utskrift med vedlegg til:**

Hordaland Fylkeskommune - 2015/10633 - Marte.Eriksrud@hfk.no